

2020

# Årsplan for Søre Øyane Naturbarnehage



Søre Øyane

Naturbarnehage

2021-2023

10.11.2020

## ARBEID MED ÅRSPLAN I SØRE ØYANE NATURBARNEHAGE SA

Barnehagen er eigd av Søre Øyane Grendalag. Barnehagen har sitt eige styre som driftar barnehagen. I styret sit representantar for tilsette, foreldre og administrasjonen, foreldra har fleirtal i styret.

Innhaldet i årsplanen bygger på Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver, barnehagelova, lokale planar og satsingsområder for Os kommune, evalueringar og kommentarar frå eigar, foreldre, barn og personale i barnehagen. I Søre Øyane Naturbarnehage utarbeider vi ikkje ny årsplan kvart år. Vi har valt å lage ein langtidsplan som strekk seg over 3 år. Vi ønsker å sjå eiga utvikling generelt i barnehagen, samt utviklinga, læringa, og utbytte for det enkelte barn spesielt, i et breiare perspektiv og over ein lengre tidsperiode.

Vi ønsker at årsplanen skal vera eit arbeidsdokument for personalet, slik at den kan bli brukt på ein konkret måte som grunnlag for vidare planlegging for det daglege arbeidet i barnehagen.

Årsplanen blir vedtatt i barnehagen sitt styre før den blir tatt i bruk, dato for vedtak står på framsida.

## KJERNEVERDIER VEDTEKE AV STYRET I SØRE ØYANE NATURBARNEHAGE

Barnehagen skal gje barna i Søre Øyane gode naturopplevingar, og bidra til å ta vare på nærmiljøet og naturen vi har rundt oss.

Vi bryr oss! Foreldre bryr seg om barnehagen og vil delta aktivt i vidare utvikling av innhald og kvalitet. Barnehagen bryr seg om heile barnet og familien rundt barnet. Vi er derfor glad for å samarbeide med Søre Øyane barneskule, idrettslaget Øyglimt og Redd Barna om prosjektet «Trygg i Søre Øyane».

Vi skal vere tydelege i kommunikasjonen ut mot alle våre samarbeidspartnarar. Vi nyttar oss av fleire gode informasjonskanalar, og vi vil utvikle desse vidare i løpet av denne tre års perioden: Jevnlig oppdatere Facebook side for barnehagen. Sende ut informasjon til foreldre på mail, via sms eller mms, bli enda betre på bruk av e-barnehage.

Vi er tydelege og trygge i møte med foreldra ved henting og levering kvar dag.

Vi skal satse aktivt på IKT, òg i pedagogisk arbeid med barna.

Barnehagen har mange samarbeidspartnarar, og skal delta aktivt i vidareutvikling av sektoren som blant anna omfattar samarbeid med PPT, barnevern, helsestasjon, videregående- og høgskular, politikarar osv. Barnehagen tek i mot studenter frå Høgskulen på Vestlandet

Søre Øyane Naturbarnehage skal vere i konstant utvikling for tilsette, barn, foreldre og samfunnet rundt oss.

Vi etterstreber ein stabil og sunn økonomi, der vi nyttar alle våre ressursar til det beste for barnehagen. Eventuelt overskot av drifta skal koma barna i barnehagen til gode

#### NATUR OG UTELIV – BÆREKRAFTING UTVIKLING - COASTEERING

Barna skal oppleva leik og læring med naturen som gymsal. Gjennom turar og aktivitetar skal barna ta del i fellesskap og opplevingar som gjev meistring og styrker sjølvbildet til barna.

Vi bruker sansemotorikk og førstegongs erfaringar vi får i naturen som ein del av språktreninga.

Barnehagen skal bidra til at barna blir glad i å vera i aktivitet ute, bli glad i å bruke kroppen sin, bli glad i naturen og ønske å ta vare på både natur og eiga helse.

Gjennom åra i barnehagen skal barna få innblikk i lokalkultur i Øyane, blant anna tradisjonar for fiske og fangst og korleis ressursar i naturen kan nyttast. Vi har også eigen kjøkkenhage i barnehagen, der vi kan erfare prosessen frå å så et lite frø til å høste eit ferdig produkt.

Gjennom coasteering får barna bli trygge i vatn, dei får erfaring med korleis ulike element virkar inn på kvarandre og lærer å ta vare på seg sjølv også i sjøen.

Vi tek vare på naturen vi har rundt oss ved å plukke boss og halde leirplassane våre ryddige.



## OMSORG

Vi definerer omsorg som:

Å ta vare på kvarandre.

Å ta hensyn til det enkelte barnet sine individuelle behov. Vi er tilstades for barna og ser dei som unike mennesker

Å sette grenser med omsorg og legge til rette for ein forutsigbar kvardag som gjev tryggleik for alle. Gode rutiner er ein del av denne forutsigbarheita.

Å legge til rette for meistring og gode opplevelser. Vi gir barna oppgåver de meistrer og gjev dei nye utfordringer som dei kan vekse på

Å byggja eit inkluderande felleskap ved hjelp av raushet, respekt og ansvar. Vi ønsker at alle barn skal lukkast i kvardagen og få trua på seg sjølv.

God omsorg for oss handlar om alle dei kvardagene vi har saman med barna, der vi alltid jobbar mot mål over for å sikra barnet ei så god omsorg og oppdraging som mulig.

## LEIK

Det å leike er barnets mest grunnleggjende aktivitet. Det er ein spontan og skapende prosess som er styrt av barnet selv. Å leike er et mål i seg selv, en del av det å være barn

Gjennom leiken bearbeider barn sine inntrykk og tilpasser tanker og opplevelser til sitt eget utviklingsnivå. Ved å leike øver barnet seg i å mestre ulike ferdigheter, som for eksempel:

Motoriske ferdigheter.

Språklige ferdigheter. (Muntlige, og skriftlige)

Kommunikasjon på flere nivåer: Ved signalet " Dette er lek" (metakommunikasjon) skilles det mellom leik og ikke-leik.

Gjennom leiken og i relasjon til andre, får barnet kunnskap om og kjennskap til seg selv, og kunnskap om virkeligheten/den verden som det er ein del av.

Barnet må lære å takle konflikter og å samarbeide. – Dels ved å leike ut opplevde konflikter og bearbeide frykt; dels ved å samarbeide om utvikling av leiken.

Å leike er sosial læring - Deltakelse i leik krever at barna har god evne til å omgås andre, og bidrar samtidig til at denne evnen styrkes. Leik er både mål og middel.

Gjennom leik i naturen får barna brukt hele sanseapparatet sitt! Dei kjenner på muligheter og begrensninger i egen kropp i samspill med omgivelsene.

«Kva kan jeg klare alene- kva klarer jeg saman med andre»

Det å mestre den fysiske leiken gir tru på seg selv – som skaper trygghet og indre ro.

I barnehagen vil vi ha ein god kombinasjon av leik og vaksen styrte aktiviteter, vi tenker at leiken er det viktigste i utviklinga til heile barnet, samtidig som aktiviteter og opplevelser kan gi inspirasjon til leiken.

#### LÆRING

- Alt er læring for oss!
- Heile dagen i barnehagen, frå barnet kjem om morgonen og til det går heim om ettermiddagen består av lærings situasjoner
- Barn lærer i leiken med andre barn
- Barn lærer når vi sit rundt bordet og et saman
- Barn lærer i samlingsstunda, gjennom song, dans, drama, fortellinger, leik med språket, rim og regler
- Barn lærer gjennom samhandling med andre barn og vaksne
- Barn lærer når det blir stelt på stellebordet
- Barn lærer i garderobesituasjonen
- Det er opp til oss vaksne i barnehagen å sette fokus på kva som eigentleg skjer i alle desse situasjonene og kva barna lærer der. Det er òg opp til oss å utnytte kvar einaste daglegdagse situasjon som dei lærings situasjonane dei er i barnehagen.



Barnehagen skal bidra til at barna lærer:

- Å kommunisere med andre på ein akseptabel måte
- Å lytta til kvarandre.
- Å ta ordet i ei forsamling
- Å ha tru på seg sjølv og egne meningar
- Å stilla spørsmål

Slik tenker vi at barnet kan bli ein aktiv deltaker i det demokratiet som barnehagen vår skal vere.

Dei vaksne må:

- Lytta til det som ikkje blir sagt, ved å ha blick for barna sine mange språk.
- La barna innverka, og delta aktivt i egne læringsprosessar.
- Forsterke barna sin nysgjerrigheit og kreativitet. Ikkje alltid ha alle svar, men må kunne stille dei rette spørsmåla for å finne dei.



## DANNING

«Barnet: Eg er ein peng

Voksen: Å ? Ka skal eg gjere med den pengen då?

Barnet: Den må du spare på»

Danning for oss er:



## MÅL FOR BARNAS SOSIALE KOMPETANSE

I barnehagen vår ønsker vi å byggja eit inkluderende fellesskap ved hjelp av raushet, respekt og ansvar. Vi ønsker at alle barn skal lukkas i kvardagen og få trua på seg sjølv. Kvart barn skal oppleve å høyre til, og bidra aktivt, i eit større fellesskap. Personalet i barnehagen skal bidra til at barna trives, opplever mestring og kjensle av egen verdi.

Vi arbeider systematisk ved for eksempel å arbeide etter prinsipp fra DUÅ, med å forebygge krenking og mobbing. Dersom eit barn opplever å bli krenka eller mobba, skal personalet straks stoppe dette og følge det opp.

Til sist har vi eit mål om at kvart barn skal oppleve vennskap i barnehagen, og sjølv læra å vere ein god ven.

## LIVSMESTRING

I vår barnehage skal barna føle seg trygge gjennom opplevelsen av gode relasjoner med barn og voksne. Gjennom godt samspill med voksne og barn, utvikler barna god selvtillit og selvfølelse. Dette bidrar til at barna utvikler empati og respekt for seg selv og andre.

Personalet skal bidra til å gi barna god selvtillit og ha tro på egne evner. Personalet skal også hjelpe barna til å takle livets utfordringer. Gjennom leken og i det daglige livet i barnehagen, skal barna oppleve å høre til i et større fellesskap der man lykkes sosialt men samtidig lærer å bli selvstendig.

## SPRÅK – SPRÅKLØYPER

Barn lærer ikke språk automatisk. Dei må være aktive i språkleg samspel med andre barn og voksne i eit godt språkmiljø. Barn med fleirspråkleg bakgrunn må oppmuntrast til å vera språkleg aktiv og få hjelp til å få erfaringar som bygger opp begrepsforståing og ordforråd på norsk. I arbeidet legg vi vekt på:

- Tidleg og god språkstimulering
- Eit språkstimulerande miljø for alle barn
- Å bruke språket aktivt i daglege situasjonar
- Å vere lyttande til barna og at dei blir sett og hørt.
- Å lese bøker, til enkelt barn eller grupper.

Vi legger òg vekt på å tilretteleggja språkstimuleringa etter kvart barn sitt enkelte behov, som fleirspråklege eller barn med ulike kommunikasjonsvanskar/språkvanskar.

I dette arbeidet støtter vi oss på Språkløyper, som er nasjonal strategi for språk, lesing og skriving, utviklet av Universitetet i Stavanger.





## Å BEGYNNE I BARNEHAGEN – VELKOMMEN TIL OSS

I god tid før barnet begynner i barnehagen, vil familien motta informasjon om oppstart fra oss. Alle nye barn og familier får sin egen primærkontakt. I god tid før oppstart, vil vi ha en samtale med foreldrene, der foreldrene kan fortelle om barnet sitt, samt komme med ønsker og forventninger for barnehageoppholdet. I denne samtalen vil personalet fortelle om barnehagen, feks hvilke rutiner som er på avdelingen, ulike aktiviteter, eller hva barnet trenger å ha med seg av klær og andre ting.

Primærkontakten er den første voksne som barnet vil få ekstra god kontakt med, og som vil følge barnet spesielt godt den første tiden.

Er du usikker om noe i den første tiden barnet går i barnehagen? Nø! ikke med å ta kontakt med de voksne som er tilstede på avdelingen. Vi kan nåes på mobil eller mail, eller via e-barnehage.

## OVERGANG INNAD I BARNEHAGEN

Tidvis skjer det overganger innad i barnehagen der barn skal flytte fra en avdeling til en annen. Dette kan for eksempel være ved overgang fra småbarnsavdelingen til stor avdeling, eller for å gå siste året sammen i førskolegruppe.

Så langt det er mulig vil vi tilstrebe å ivareta barnas vennskap når slike avgjørelser blir tatt, samt ta hensyn dersom foreldre eller barn har spesielle ønsker.

Så langt det lar seg gjøre forsøker vi å gjøre overgangen tryggest mulig for barna. Dette gjør vi for eksempel ved at barna får hyppige på besøk i den nye avdelingen sin, slik at de kan bli kjent med de andre barna og voksne på avdelingen.

## OVERGANG BARNEHAGE – SKOLE

Barnehagen vår følger den felles overgangsplanen som barnehagane og skulane i Os er forplikta til å jobbe etter. Denne planen skal sikre ein god og kvalitativ overgang for alle barna i Os kommune.

I barnehagen vår har vi i tillegg ei samarbeidsavtale med Søre Øyane Barneskule om korleis vi skal samarbeida til det beste for barna i krinsen. I denne avtala har vi fastsett møtepunkt for barna gjennom barnehageåret og fordelt ansvaret for kven som skal organisera og ta initiativ til desse treffpunkta mellom barna i barnehagen og skulen.

Vi meiner det er viktig at barna blir godt kjent på skulen før første skuledag. Når eit godt samarbeid ligg til grunn viser erfaring at barna møter skulen med større tryggleik og dei kjem

raskt i gang med læringsarbeidet. Dette er noko av samarbeidet mellom Søre Øyane naturbarnehage og Søre Øyane Barneskule :

- Treff mellom klubben og første / andre klasse ein gang i månaden
- Kino på Sfo på våren
- Leikedagar på Sfo
- Overgangssamtale mellom skulen og barnehagen. Skulen får her informasjon om kvart enkelt barn. Foreldra er med på å legge premissene for overføring av informasjon på foreldresamtalen om våren

I tillegg til dette er barnehagen vår med i eit samarbeidsprosjekt under navnet «Trygg i Søre Øyane». Saman med idrettslaget Øyglimt, skulen og Redd Barna skal vi arbeide for å skape eit tryggest mulig oppvekstmiljø i krinsen vår. I prosjektet ligg det inne føringar for både kompetanseheving og kompetansedeling mellom dei ulike einingene.

#### MAT OG MÅLTIDER I BARNEHAGEN

Vi serverer alle måltid i barnehagen, og har fokus på at måltida skal vera både sunne og trivelege for vaksne og barn. På dei ulike avdelingane vert det laga varme måltider 1-2 dagar i veka, og barna skal vere med i prosessen rundt tillaging av maten. Mat vert også laga over bål eller grill på tur.

Barnehagen har laga ein eigen kostholdsplan som heng oppe på alle avdelingane, der vi har sagt noko om kva eit sunt måltid skal innehalde. Barnehagen deltar i helse- og omsorgsdepartementet sitt program kalla " 5 om dagen "og "Fiskesprell", og personalet har deltatt på kurs om dette.

#### ARBEID MED DE UTROLIGE ÅRENE

I barnehagen jobber vi etter programmet av De Utrolig årene, DUÅ. Dette er eit program som skal forebygga og behandle atferdsproblemer hos barn. Målet ved programmet er å styrkje personalet si kompetanse i forebygging og handtering av atferdsproblemer i barnehagen, samt styrkje samarbeidet mellom foreldre / foresatte og barnehagen. Les meir på <http://dua.uit.no/> eller spør oss i barnehagen.



## VÅRE TRADISJONER

I barnehagen markerer vi små og store hendinger i løpet av året. Nokre er knytt til religiøse høgtider, andre til lokale tradisjoner.

Eksempel på dette er:

- Krabbefest for foreldre / foresette til fireåringene som jobber med sjø og naturliv.
- Julegudsteneste i Bedehuset – åpent for alle
- Nissefest
- Luciafrokost – åpen for alle
- Karneval
- Påskelunsj
- Temaveke
- Markering av den nasjonale barnehagedagen med open dag
- Overnatting med førskolebarna

## PLANLEGGING-DOKUMENTASJON OG VURDERING

Vi arbeider målretta og legg planar for å nå dei måla vi set oss. Planane er ein del av den pedagogiske dokumentasjonen saman med blant anna bilder, praksisfortellingar, barna sine arbeid, samtalar osv. Dette skal danna grunnlag for refleksjon og ny læring. I barnehagen bruker vi Vab som er eit redskap for å vurdere kvart enkelt barns utvikling og utbytte av barnehageopphaldet. Vab blir tatt opp som ein naturleg og viktig del av foreldresamtalane og sluttvurderinga på Vab skjer to gonger i året. Vi evaluerer alle tur- og temagruppene våre fast to gonger i året, i tillegg til den fortløpande vurderinga som skjer her og no i samspel med barna.

Gjennom brukerundersøkingar gjev foreldra tilbakemelding på det tilbudet dei får gjennom barnet sitt opphald i barnehagen. Alle tilbakemeldingar, vurderingar og erfaringar skal danne grunnlag for vidare utvikling og endring av praksis



## FAGOMRÅDER - PROGRESJON

Vi har laga ei eiga oversikt som viser progresjonen i arbeidet vårt med dei ulike fagområdene, denne ligg som vedlegg til årsplanen.